



Framlegg til forretningsorden

-digitalt årsmøte

1. Samansetjing, tale framlegg- og røysterett

- Utsendingar frå 4H-klubbane, alumnkklubben, fylkesstyret, arrangementsmedlemmer og kløvermedlemmer har tale, framlegg- og røysterett.
- Fylkesstyret har ikkje røysterett under handsaming av årsmelding og rekneskap.

2. Taletid replikkar

- Avgrensing av taletida kan innførast av årsmøtet etter framlegg frå ordførar eller årsmøtorepresentantar.
- Ordførar har rett til å føreslå avgrensingar i taletid og høve til replikk, og setje strek.
- Den som ønskjer ordet, melder seg ved å bruke funksjonen i GoPlenum.

3. Om handsaming av saker

- Framlegg må leverast skriftleg gjennom GoPlenum. Det er ikkje høve å ta opp noko nytt framlegg etter at det er sett strek.
- I protokollen vert ført framlegg, talar, avstemmingar og vedtak.
- Dersom det er mange framlegg i ei sak kan årsmøtet setje ned ei redaksjonsnemnd.

4. Reglar for avrøysting

- Dersom ikkje anna er sagt i vedtektene vert sakene avgjort med absolutt fleirtal (meir enn halvparten av røystene).
- Ordførar eller utsendingar kan krevje skriftleg røysting.
- Det skal vere skriftleg val på styreleiar og styremedlemer. Ved andre personval skal det vere skriftleg dersom det er framlegg om meir enn ein kandidat.



- Alle med røysterett som forlet møtesalen/datamaskinen under møtet må melde frå i GoPlenum, slik at ordførar alltid har full oversikt over kor mange med røysterett som er til stades.
5. Unntak frå forretningsorden/dagsorden
- Ordførar kan gjere framlegg om at det vert gjort unntak frå dagsorden eller forretningsorden. Årsmøtet må gje si tilslutning ved absolutt fleirtal.